

Arkivnr: 2017/903-33

Saksbehandlar: Marianne Ose Askvik og Tone Stedal Haugland

Saksframlegg**Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for kultur, idrett og regional utvikling		16.05.2017

Prosjektilskot: Kultur - amatør. Fordeling våren 2017**Samandrag**

Føremål med ordninga:

Løyvingane frå ordninga skal stimulere til aktivitet, og sikre innbyggjarar i heile fylket høve til å delta i eit mangfaldig kulturliv, jf regional kulturplan. Kulturpolitikken skal fremje og støtte eit sterkt frivillig kulturliv, og det skal stimulerast til nettverk og samarbeid. Barn og ungdom har spesiell merksemd, og ein ønskjer å stimulere spesielt til at unge sjølv er aktive deltakarar i prosjektet.

Generelt:	
Budsjett 2017	918 000 kroner
Av desse er øyremerka til prosjekt som gjeld barn og / eller unge:	510 000 kroner
Søknadsfrist 2017:	1.mars og 1.september
Vedtak kriteria:	KIRU 18.01.17: PS 6/2017
Kriteria og informasjon om ordninga:	Informasjon på nettsida

Våren 2017:	
Tal på søknadar:	31 søknadar
Tal på søknadar som er tilrådd støtte:	26 søknadar
Samla søknadssum:	799 000 kroner
Tilrådd fordeling:	504 000 kroner
Av desse er midlar fordelt til prosjekt som gjeld barn og / eller unge:	256 000 kroner

Hausten 2017:	
Midlar til fordeling:	414 000 kroner
Midlar som er øyremerka til prosjekt som gjeld barn og / eller unge:	254 000 kroner

Fylkesrådmannen sine overordna kommentarar til innstillinga:

Ut frå føremålet med ordninga og føringane i Regional kulturplan er det sett opp følgjande kriteria som søknadane har vore vurdert opp mot. Ein søknad må ikkje oppfylle alle kriteria, men dess sterkare ein oppfyller kriteria og jo fleire ein oppfyller, desto meir relevant vil søknaden vere for ordninga. Det skal vere føreseielege og transparente søknads- og handsamingsrutinar.

Føljande vedtekne kriteria har vore lagt til grunn for vurderinga av søknadane (ikkje prioritert rekkefølge):

1. I kva grad tiltaket oppfyller satsingar i Regional kulturplan.
2. I kva grad tiltaket bidreg til ei utvikling av kulturlivet i fylket.
3. I kva grad tiltaket har verdi for kulturlivet i større delar av fylket.
4. I kva grad tiltaket er nyskapande og kan ha verdi som pilotprosjekt

5. Om tiltaket kan kopla saman aktørar og stimulere til samarbeid på tvers.
6. I kva grad tiltaket er utadretta.
7. I kva grad tiltaket skil seg tydeleg ut frå ordinær, dagleg drift av ein organisasjon
8. I kva grad tiltaket har støtte i heimkommunen.
9. Kvalitativt nivå på prosjekt og søknad.
10. Gjennomføringsevne og realisme i prosjektet.

I tillegg er søknadar vurdert etter geografisk og sjangermessig fordeling.

I fylkesrådmannens individuelle grunngevingar (vedlegg 1), er det vist til desse kriteria med nummer.

Det regionale ansvaret gjeld kulturoppgåver som har verdi for heile fylket eller større delar av det. Reint lokale tiltak har kommunane eit ansvar for – spesielt når det gjeld barn og unge. Ein del av søknadene ein handsamar er av meir lokal karakter. Nokre av dei kjem frå tiltak i kommunar med svært låge kulturbudsjett. Men fylkesrådmannen ser det som viktig at vi opprettheld at tiltaka vi støttar skal ha regional karakter, og at mindre lokale kulturarrangement er eit kommunalt ansvar.

Det er mogeleg å løyve midlar til årvisse / jamne tiltak. Slik fylkesrådmannen ser det er det likevel viktig at prosjektmidlar ikkje vert bundne opp til slike tiltak og at aktørane ser på prosjektstøtta som driftstilskot. Søkjar må vere merksam på at dette er prosjektilskot og at søknadene kvart år vert vurdert på nytt opp imot samla søkjarmasse. I denne tildelingsrunda har det vore mogleg å innfri nærmare opptil søknadssum enn i 2016.

Hordaland har eit aktivt korpsmiljø og det er mange søknadar frå dette feltet, m.a. om deltaking i meisterskap og kompetanseheving.

Forslag til vedtak

Utval for Kultur, idrett og regional utvikling løyver 504 000 kroner over budsjettpost 400.725.03, slik:

	Søklar	Tilråding
1	4H HORDALAND	10 000
2	BERGEN BRASS BAND	22 000
3	BERGEN INTERNASJONALE KULTURSENTER	18 000
4	BERGEN UNGDOMSLAG ERVINGEN	15 000
5	BERGEN UNGDOMSLAG ERVINGEN	13 000
6	Bergen Vest Seniorteater	10 000
7	BIOFOTO HORDALAND	Avslag
8	BJØRGVIN KRETS AV NORGES KFUK-KFUM	10 000
9	BJØRGVIN KRETS AV NORGES KFUK-KFUM	5 000
10	BJØRGVIN KRETS AV NORGES KFUK-KFUM	5 000
11	BJØRGVIN KRETS AV NORGES KFUK-KFUM	5 000
12	BJØRGVIN KRETS AV NORGES KFUK-KFUM	5 000
13	BJØRGVIN KRETS AV NORGES KFUK-KFUM	13 000
14	Bjørne Møen	45 000
15	BRASSWIND	22 000
16	De Unges Orkesterforbund i Hordaland	30 000
17	EIKANGER-BJØRSVIK MUSIKKLAG	30 000
18	FOREININGA FEDRE FOR BARNAS BESTE -	Avslag
19	Kunst- og kulturkomiteen i Olsvik kirke	12 000
20	Manger Musikklag	22 000
21	NESTTUN UNGE STRYKERE	Avslag
22	SAMNANGER SOKN	Avslag

23	SOMMERSTRYK	30 000
24	STIFTELSEN OLE BULL AKADEMIET	20 000
25	STRUSSHAMN MUSIKKFORENING	Avslag
26	SUNNHORDLAND KAMMERORKESTER	20 000
27	TERTNES SKOLES MUSIKKORPS	30 000
28	Torgdagen i Bergen	30 000
29	Voss Jazzskule	24 000
30	Voss Ungdomslag	30 000
31	Åsane Musikklag	20 000
	SUM	504 000

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Per Morten Ekerhovd
fylkesdirektør kultur og idrett

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 21.04.2017

Fylkesrådmannen viser til vedlegg med oversyn over søknadane med grunngjeving til kvar søknad. Dei individuelle grunngjevingane må sjåast som moment i ei heilskapleg vurdering opp i mot kriteria, fylkeskommunen si kulturpolitiske rolle og samla søknadsbunke.